



Høgskulen  
på Vestlandet



# Lærerutdanninga på Stord gjennom 180 år

---

Nils Tore Gram Økland



Campus Stord i dag

# Lærerutdanninga på Stord gjennom 180 år

Nils Tore Gram Økland

Den første arbeidsdagen i lærerutdanninga på Stord var 31. oktober 1839. Då var lærarane og komande elevar samla til opptaksprøve på prestegarden på Tyse. Dagen tok til med ein salme og opningstale av sokneprest og styrar Claus Daae. Deretter vart dei 20 frammøtte eksaminerte, og alle fekk plass.

Nedanfor skisserer eg, utan å gå i detaljar, utvikling og endringar i lærerutdanninga på Stord sidan oppstartsdagen i 1839. Teksten byggjer på eit foredrag for tilsette i lærerutdanninga i samband 180-årsmarkeringa 31. oktober 2019.

## Innleiing

Det vert ofte sagt at ein ikkje kan forstå notida utan å kjenna fortida. Men samstundes er det slik at ein forstår fortida ut frå notida. Det vil seia at perspektiv og problemstillingar som er aktuelle i notida, pregar kva ein vektlegg når ein omtalar fortida. Slik inngår tolkinga av notida og fortida i ein hermeneutisk prosess, og kvar generasjon må skriva historia ut frå sine føresetnader.

Når eg difor skal omtala historia til lærarutdanninga på Stord, vil eg ta utgangspunkt i korleis eg tolkar situasjonen for lærarutdanninga i 2019. Mi skildring kan sjølv sagt diskuteras, men eg prøver å trekkja fram det dei fleste vil oppfatta som fakta ved situasjonen i dag:

For det første har skulen i dag betre bygg og infrastruktur enn nokon gong før. Statsbygg held bygningane godt ved like, fleire av dei er restaurerte i samsvar med riksantikvaren sine krav, og park- og hageanlegg vert stelt på ein profesjonell måte.

For det andre har lærarkollegiet breiare kompetanse og eit meir utbygd nasjonalt og internasjonalt fagleg nettverk enn tidlegare. Det er særleg forskingskompetansen som er blitt utvikla. I dag har 27,4 % av undervisningspersonalet 1.-kompetanse.

For det tredje er skulen i dag ein del av ein større institusjon. Ei følge av dette er at skulen har fleire faglege og administrative ressursar å støtta seg på, men samstundes er organisasjonen blitt meir byråkratisk og tungdriven, og avgjerder vert i langt mindre grad tekne lokalt. I tillegg opplever skulen at det er hard kamp om studentane, og dermed også om ressursane.

## Kvifor vart lærarutdanninga lagt til Stord?

Spørsmålet eg då stiller, er kva det er i forhistoria som har ført lærarutdanninga på Stord fram til denne no-situasjonen. Det er naturleg og heilt opplagt å tenkja seg at det har noko med geografisk plassering å gjera. I 2019 ville ein neppe plassert ei ny lærarutdanning for Vestlandet på Rommetveit. Kanskje ville ein valt Leirvik; meir truleg Haugesund; men mest truleg Bergen.

Men kvifor valte ein då Stord i 1839? Den nasjonale bakgrunnen var skulelova om allmugeskular på landet frå 1827. Den slo mellom anna fast at det skulle opprettast eit stiftseminar i kvart bispedømme. Etter reformasjonen hadde barneskule og læraropplæring vore knytt til kyrkja og prestane, og konfirmasjonen var i utgangspunktet ein offentleg, munnleg eksamen i den kristne trua. Dei nye stiftseminara skulle utdanna lærarar for dei faste skulane (ikkje omgangsskulane) og i tillegg kvalifisera seminristane



Portrett av rektor Claus Niels Holzrod Daae

til klokkestillingar. Skulelova fastslo også at det skulle vera fast skulehus i kvart prestegjeld. Skulelova bidrog såleis til å profesjonalisera lærarstanden og skuledrifta.

Men det var lokale grunnar til at seminaret for Bergen stift vart lagt nett til Stord. Først og fremst var soknepresten i Stord, Claus Daae, ein avgjerande faktor. Daae var velutdanna – han var både teolog og filolog, og dessutan godt i gang med ei doktoravhandling før han fekk prestekall. Han var dessutan, ifølge visitasuttale frå biskopen, dyktig og ryddig i utøvinga av embetet sitt. Han ser også ut til å ha hatt stor arbeidskapasitet. Han kom som ung prest til Stord i 1835. Vart ordførar i 1838 og i tillegg styrar eller rektor for seminaret knapt 33 år gammal i 1839. Seinare vart han også stortingsmann.

Elles grunn gav ein plasseringa av seminaret på Stord med at staden låg sentralt til ved skipsleia, at her var lite religiøs eller politisk fanatisme, at kommunen var så tett folkesett at seminaristane lett kunne skaffa seg husrom og at det også var nok elevar til å oppretta ein øvingsskule. Det var også eit poeng for departementet, som avgjorde plasseringa, at seminaret vart lagt til landsbygda sidan dei ferdigutdanna lærarane i all hovudsak ville koma til å ha sitt arbeid på landsbygda der 90% av folket budde.

Seminaret vart då lagt til Tyse prestegard. Ein kan undra seg over at det ikkje vart lagt til Leirvik som, sjølv om det var ein liten strandstad, låg meir sentralt til og alt hadde



Daae-huset - øvingsskolen som Daae fekk bygd på Tyse i 1839. Bygget vart flytta til Rommetveit i 1866

nokre sentrumsfunksjonar. Grunnen var at prestegarden, som før hadde lagt på Ådland, nær kyrkja, var blitt flytta til Tyse på 1600-talet. Admiral Orning, med gode kontaktar i København, hadde fått ordna det slik at han fekk bytta til seg prestegarden Ådland. Dette fekk såleis konsekvensar for lærarutdanninga to hundre år seinare.

## Fem fasar i utviklinga av lærarutdanninga

Slik eg ser det, kan ein følgja utviklinga av lærarutdanninga på Stord frå 1839 til 2019 gjennom fem fasar.

### 1 Pionertida: Prestegardsseminaret på Tyse 1839 – 1866

I denne 27 år lange perioden har skulen ei utprega lokal, nesten bortgøymd geografisk plassering. Samstundes er det ei sjølvstyrt eining når ein ser bort frå føringane som departementet legg på drifta. Seminaret har likevel ein regional funksjon – det skal vera med på å sikra at det finst kvalifiserte lærarar i bispedømmet, dvs. frå Sunnhordland til og med Sunnmøre.

Seminaret held til i to små bygg, eitt teoribbygg eller undervisningsbygg for seminaristane, og ein øvingsskule eller praksisskule. Bygga er lite imponerende – utforma i ein etter måten tradisjonell, vestlandsk byggeskikk.


### 2 Oppbygginga: Utvikling av ei profesjonell lærarutdanning 1866 – 1917

Skulelova frå 1860 utvida det faglege innhaldet i barne-skulen. Dei obligatoriske faga er lesing, kristendom-kunnskap og gjennom tekstar i leseboka skal elevane få kunnskap i geografi, naturfag og historie. Vidare er song, skriving og rekning faste fag. Dette stilte sjølvstøtt også nye krav til lærarutdanninga og dermed stiftseminara.

Det er i denne andre fasen seminaret flyttar frå Tyse til Rommetveit. Heller ikkje denne gongen er Leirvik på tale som skulestad endå strandstaden har gjennomgått ei markert utvikling. I 1857 var t.d. ei ny, stor kyrkje reist og i 1864 stod det imponerende kretsfengselet ferdig. Sakførarar og handelsmenn hadde etablert seg, og telegraf og postkontor var på plass. Det som truleg var avgjerande for plasseringa var at staten sidan reformasjonen hadde ått Øvra Rommetveit. Her fekk seminaret tomt ved å overta to gardsbruk på om lag 130 mål - knapt to kilometer frå prestegarden.



Seminarbygningen ca. 1880




Gymnastikkparti rundt 1929

Nybygget på Rommetveit stod ferdig i 1866. Det innholdt undervisningsrom for seminaristane og tre leiligheiter for lærarar. Arkitekt er F. W. Schiertz som nyleg hadde ferdigstilt kretsfengselet på Leirvik. Schiertz introduserte sveitserstilen på Stord og dermed også moderniteten.

Hovudbygningen inngjekk i ein plan for skuleanlegget der bygningane for fagundervisninga og øvingsskulelen vart samla rundt eit gardsrom. Slik kom det som er kjernen i ei profesjonsutdanning – samgangen mellom teori og praksis – til uttrykk i arkitekturen. Dette er ei planløsning med røter i klosteranlegga frå mellomalderen og i dei første universiteta, m.a. i kollegiebygningane ved universitetet i København.

Det er i denne andre fasen at skulen også vert skilt frå det direkte sambandet med kyrkja. Det skjer ved at den nye rektoren eller styraren frå 1875, K. Lilloe, rett nok er teolog, men ikkje samstundes sokneprest. I 1904 vert P. Deinboll, som er realist, rektor.

Det er også i denne fasen at seminarnemninga går ut av bruk. Frå 1902 heiter skulen Stord lærarskule.



Interiør klasserom rundt 1900

### 3 Konsolideringa: Auka elevtal og stor utbygging 1917 – 1960

Stord lærarskule hadde etter kvart utvikla seg til ein sentral akademisk institusjon på Vestlandet. Universitetet i Bergen vart ikkje oppretta før i 1946, lærarutdanninga i Bergen i 1953 og i Stavanger i 1954.

Den nye rektoren på Stord i 1917, filologen S. Eskeland, fekk snart sett i gang ei stor utbygging i 1920-åra, m.a. fordi elevtalet stadig auka: Eit stort internat med plass til 70 elevar; gymnastikkbygning som også fungerte som festlokale; rektorbustad og lærarbustader slik at heile hovudbygget frå 1866 no kunne nyttast til undervisningsføremål. Bergensarkitekten Schak Bull utforma mange av nybygga i jugendstil med trekk frå nybarokk og empire. Det er ein noko pompøs stil som avspeglar både statusen og sjølvbildet til institusjonen.



Skuleområdet ca.1930



Første steg i den store utbygginga på 1960- og 70-talet var velferds- og spesialrombygga. Til venstre gymnastikksalen frå 1922. I framgrunnen Daae-huset

Med den nye gymnastikkbygningen kan ein sjå dei første konturane av eit nytt gardsrom. Lindealleen som Deinboll hadde planta, fører frå nord og sør inn mot hovudbygningen. Parken som har utvikla seg til eit lite aboret, er både til pryd og nytte sidan hagen også vert nytta som eit undervisningsrom for hagebruk og naturfag.

Skulen driv også gardsbruk, og utanfor skulen vert det etablert tre butikkar, bakeri, postkontor og dampskips-ekspedisjon.

Skulen og bygda er i det heile tett knytt til kvarandre ved at mange av elevane bur på hybel på gardane rundt skulen, festlokalet i gymnastikkbygningen vert ofte brukt til arrangement i bygda og både elevar og lærarar ved skulen bidreg i det kulturelle og politiske livet i lokalsamfunnet. Nordbygda vert eit samfunn som skil seg frå gruvesamfunnet på Litlabø og handels- og administrasjonsenteret Leirvik.

#### 4 Moderniseringa: Frå lærarskule til høgskule 1960 – 1994

Det hadde ikkje berre vore framgang i mellomkrigstida. På 1930-talet var det i fleire år redusert drift ved skulen, og under krigen var skulen i periodar stengt og vart nedsliten pga manglande vedlikehald. Det storslåtte internatet hadde også brunne ned då. Dette etterslepet sleit ein med inn i 1950-åra.

På 1960- og 70-talet skjer det store reformer både i grunnskulen og i vidaregåande skule. Det same skjer i høgare utdanning. Satsinga på og utbygginga av Stord

som lærestad er ein del av den nye prioriteringa av utdanning og forskning.

Det vert teologen J. Rydland som sikrar at lærarutdanninga på Stord blir ein del av den nye nasjonale satsinga. Aldri før hadde investeringane i nye bygg vore større, og bygningane som arkitekten Fr. Th. Olsen frå Bergen utforma i ein funksjonalistisk, til tider futuristisk stil, gir i dag karakter til skuleanlegget. Den same arkitekten står også bak rådhuset på Leirvik.

Ei rekkje spesialbygg som i dag er sentrale i drifta av skulen, vart reiste i 1960- og 1970-åra: Velferdsbygget med kjøkken, matsal og aula saman med spesialrombygget, som også inneheld bibliotek og auditorium, omkransar det gamle gardsrommet som vart utvikla i tida etter 1866. Eit nytt gardsrom vert samstundes etablert mellom dei nye bygga, gymnastikkbygningen og den nybygde forming- og musikkavdelinga. I tillegg vert ein ny studentheim med plass til om lag 200 studentar etablert i utkanten av skuleområdet.

Talet på studentar og tilsette aukar no sterkt, fagtilbodet vert utvida og institusjonen får status som høgskule. Namnet vert endra til Stord lærarhøgskule i 1975. Med dette følgjer også ny og auka satsing på forskning og utviklingsarbeid. Den utvida FOU-aktiviteten er for det første forankra i nye års- og halvtårseiningar i ei rekkje fag. Desse studietilboda er dels integrerte i den ordinære lærarutdanninga, dels sjølvstendige fagstudium som også rekrutterer studentar til lærarutdanninga. For det andre er FOU-verksemda knytt til den nye barnehagelærarutdanninga som vert bygd opp i denne perioden og som

etter kvart vert ein viktig del av lærarutdanninga på Stord. For det tredje er den IKT-kompetansen knytt til læring og undervisning som vert bygd opp på Stord, ein føresetnad og ei drivkraft bak mange store forskingsprosjekt, kompetanseoppbygging, masterstudium og oppbygging av internasjonale nettverk som kjem i tiåra som no følgjer.

## 5 Integreringa: Lærarutdanninga vert ein del av HSH og HVL 1994 - 2019

1.august 1994 vart 98 statlege høgskular slått saman til 28 einingar. Då vart lærarutdanninga på Stord ein del av Høgskolen Stord/Haugesund. Målet med høgskulereforma var meir effektiv drift gjennom stordriftsfordelar.

I 2014/15 varsla regjeringa ei ny strukturreform i universitets- og høgskulesektoren. Ein viktig føresetnad for strukturendringa var at lærarutdanninga vart gjort til ei femårig masterutdanning. Resultatet av denne reforma vart at HSH i 2017 fusjonerte med Høgskolen i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane til Høgskulen på Vestlandet med om lag 16000 studentar. Lærarutdanninga på Stord vart ein del av Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, og faga i lærarutdanninga vert delt mellom fire institutt.

Reformene varsla ei ny tid for lærarutdanninga på Stord. Frå å ha lokal forankring på Stord og stor grad av autonomi får lærarutdanninga gjennom HSH og HVL forankringa si i ein større region med sentrum i Bergen. Funksjonen eller ansvarsområdet vert på den andre sida i større grad enn før lokalt avgrensa til Sunnhordland og Nord-Rogaland. Det ser ein m.a. i grunngevinga for å halda oppe lærarutdanninga på Stord: Skulen skal sikra at Sunnhordland og Nord-Rogaland får dekkja behovet for nye lærarar i barnehage og skule og gi etter- og vidareutdanning her. Den framsynte utbygginga av parkeringsanlegga på Rommetveit gjer at skulen kan fungera godt med mange dagpendlande studentar og tilsette.

Så er det sjølv sagt slik at fleire studietilbod også i dag har eit breiare opptaksgrunnlag enn det lokale. Det beste dømet på det er masterstudiet IKT i læring som har nasjonal rekruttering, men ein viktig føresetnad for at dette studietilbodet ligg på Rommetveit, er internettet. Difor er studiet samlings- og nettbasert.

Då fellesadministrasjonen for HSH i 1994 vart lagt til Rommetveit, vart det behov for nye administrasjonlokale. Løysinga vart å rusta opp seminarbygningen frå 1866 og forlenga dei to sidefløyane på bygget. S. Halleraker var arkitekt, og tilbygget frå 1995 veks på ein måte ut av det gamle bygget. Formspråket er postmodernistisk samstundes som det har mykje i seg av den gamle sveitserstilen. Med HVL overtek eit lågare og lokalt administrasjonsnivå desse lokala. At den gamle seminarbygningen blei omgjort til administrasjons- og kontorbygg førte til at behovet for nye undervisningsrom og auditorium måtte dekkast gjennom eit tilbygg til velferds- og spesialrombygget frå 1970-talet.

Tilbygga varslar at ein ny institusjon veks fram av den gamle og at ei ny sjølvforståing og ein ny identitet må utviklast både for dei tilsette og for institusjonen. Den harde interne debatten om tilbygget til det gamle hovudbygget kan ein sjå som eit uttrykk for at dette var og er ein vanskeleg prosess.

HSH vart altså berre eit 23 år langt mellomspel, men samanslåinga av lærarutdanninga og sjukepleiarutdanninga på Stord førte med seg ikkje berre behov for nye administrasjonsbygg, men også behov for nye undervisningslokale. Det får ein i 2004 ved eit nytt bygg for sjukepleiarutdanninga med postmodernistiske trekk. Link arkitekter og S. Halleraker står for utforminga. Dermed vert det nye gardsrommet ved gymnastikkbygget komplett.



Det gamle hovudbygget med påbygget frå 1995

## Avslutning

Lærarutdanninga på Stord er i dag eit hjul i eit stort maskineri. Såleis er alt snudd på hovudet i forhold til prestegrdsseminaret på Tyse i 1839. Dei to enkle bygningane er avløyste av eit komplekst, men gjennomtenkt skuleanlegg der me kan følgja den historiske utviklinga steg for steg. Det meste av bygningsmassen, i tillegg til hage og grøntanlegg, er i dag freda. Statsbygg seier at føremålet med fredinga er 'å sikre et kulturmiljø med stor utdanningshistorisk og arkitekturhistorisk verdi' og omtalar skuleområdet som 'et i nasjonal sammenheng unikt anlegg'. Sjølv om oppgåva til lærarutdanninga grunnleggjande sett er den same som før, er rammene og krava stadig i endring. Det krev både tilpassingsevne og identitetsendring lokalt. Men det krev også at den overordna leiinga for institusjonen ser kvalitetane og utnyttar potensialet i den 180 år lange tradisjonen.

For dei tilsette i lærarutdanninga på Stord kan Claus Daae vera eit forbilde og ein inspirator også i dag. Han viste at det lokale er like godt som det sentrale, og at dedikasjon og innsats er avgjerande.



Høgskulen  
på Vestlandet

Campus Haugesund  
Bjørnsonsgate 45

Campus Stord  
Klingenbergvegen,  
Rommetveit

Campus Bergen  
Inndalsveien 28 /  
Møllendalsveien 6-8

Campus Førde  
Svanehaugvegen 1

Campus Sogndal  
Røygata 6

Høgskulen på Vestlandet Postboks 7030 N-5020 Bergen +47 55 58 58 00 [post@hvl.no](mailto:post@hvl.no) [hvl.no](http://hvl.no)

Facebook [hvl.no](https://www.facebook.com/hvl.no) Twitter [@hvl\\_no](https://twitter.com/hvl_no) Instagram [@hvl.no](https://www.instagram.com/hvl.no) LinkedIn Høgskulen på Vestlandet (HVL) Snapchat [@hvl.no](https://www.snapchat.com/add/hvl.no)